

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG



Dykkar ref.:
22/1294 - 22/19381

Vår ref.: 20733681
Sak/dok.: 22/12797-1
Ark.: 346

Dato:
30.03.2022

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 134 bnr. 263 snr. 5 og 6 i knr. 4631 Alver kommune

Vi har vurdert reseksjoneringa de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Me visar til telefonsamtale 30.03.2022.

På gnr. 134 bnr. 263 snr. 5 vart det tinglyst eit skøyte den 22.03.2022 i dokumentnummer 317168, kor eigedomen vart overdrege frå Reknes Eiendom AS til Jan Ludvig Eliassen og Kristine Eliassen.

Samtidig vart det tinglyst eit pantedokument til fordel for Sparebanken Vest Boligkreditt AS og Sparebanken Vest i dokumentnummer 317265.

For å slå saman snr. 5 og 6 må Jan Ludvig Eliassen og Kristine Eliassen gje løyve til dette, og oppgje sitt fødselsnummer. Sparebanken Vest Boligkreditt AS og Sparebanken Vest må samstundes også gje sitt løyve til å slå saman seksjonane og oppgje sitt organisasjonsnummer. Vi viser til jf. tinglysforskriften § 4a første ledd.

Dersom snr. 5 ikkje skulle vert overdrege før reseksjoneringa fann stad, kan det ha hendt ei inkurie. I tinglysinga er uttrykket inkuriepåtekning brukt om framgangsmåta for å rette feil som kunden har gjort i dokumentet.

Praksisen med retting ved inkuriepåtekning går ut på å rette ein klar feil som partane sjølv er skuld i. Feilen må knytte seg direkte til eit tinglyst heimelsdokument. Praksisen med retting ved inkuriepåtekning, altså ein enkel korrigering på tinglyst heimelsdokument, er grunngeve med ønskje om å unngå ei urimeleg innkreving av dokumentavgift. Dersom ein feil i eit tinglyst heimelsdokument aksepterast som ei inkurie, skal det såleis ikkje bereknas ytterligare dokumentavgift ved registrering av oppretting i grunnboka.

Me skal ved vurderinga av om det ligg føre ein feil som kan aksepterast som ei inkurie følgje ein restriktiv linje. Inkuriepåtekningar er take atterhald om dei sjeldne tilfelle, kor inkurien er lett

konstaterbar. Den som krev ei inkurie godkjend må sjølv dokumentere at det ligg føre slik feil. Provtyngsla ligg altså til den som krev ei inkurie godkjend.

Rent praktisk bør inkuriepåtekening skje ved at ein utferdar eit nytt skøyte for det manglande, med tilvising til det opphavlege skøytet med tinglysingsdato og dokumentnummer. Det må leggjast ved eit følgjebrev der ein gjer greie for feilen, og med uttrykkeleg erklæring om at tillegget ikkje endrar den tidligare oppgjeve verdien. Skøytet skal elles fyllast ut og signerast som ordinære skøyter, og med vitnar av heimelshavars signatur. Dokumentasjon slik som prospekt, kjøpekontrakt eller liknande bør også leggjast ved.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 49.

Venleg helsing

Marit Cecilie Kvitberg
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.